



HOLON ARKITEKTUR AS
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstartsmelding av endring av reguleringsplan for Risøy i Alver kommune.

Vi viser til dykkar brev av 09.01.2020 med melding om oppstart av planarbeid.

Formålet med planarbeidet er å oppdatere reguleringsplanen i tråd med eksisterande situasjon og gjeldande kommunedelplan, samt legge til rette for køyreåtkomst og parkering på hyttetomtene. I tillegg går endringa ut på å auke utnyttingsgrad for fritidsbustad og naust, i tråd med gjeldande kommunedelplan og nyleg endring av Detaljregulering for Risøy Hyttefelt (plan-ID 1263201604). Det skal ikkje bli lagt til rette for ytterlege fritidseiningar.

Planarbeidet er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter gjeldande forskrift.

Fylkesmannen si vurdering

Planområdet ligg i strandsona og er ein del av det registrerte friluftsområde Lindåspollane/Lindåsosane som er vurdert som svært viktig. I skildringa av friluftsområdet står det mellom anna: «*Det er eit svært spesielt landskap med mange småholmar, tronge sund, straumer, holmer og øyer som gjer områder flott for bruk av kajakk eller kano. Det er mange fine padleruter.*» Det er viktig at planarbeidet viser verknaden planendringane har på landskap og friluftsliv og tar omsyn til verdiane i området.

Planen opnar i dag ikkje for køyreveg og parkering på kvar tomt. Veger og parkering fører ofte til store terrenginngrep og kan verke negativt på landskapet. Fylkesmannen er i utgangspunktet skeptisk til å opne for vegar og parkering til kvar enkelt hytte. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt, då det er lagt opp til felles parkering i nærleiken av hyttene. Vidare planarbeid må vurdere verknaden av endringane grundig, slik at desse let seg vurdere. Vi viser også til at reguleringsplan for Risøy hyttefelt som ligg rett vest for reguleringsplan for Risøy heller ikkje opnar for køyring til og parkering på hyttetomtane. Om ein tillèt køyring og parkering i denne saka kan det bli press på veg og parkering i andre hytteområde i strandsona.

Når det gjeld storleik på nausta, så vart det avgjort av Miljøverndepartementet i 2011. I vedtaket står det mellom anna: «*Reguleringsbestemmelsene endres ved at maksimal tillat størrelse blir satt til 30 kvm,*



samt at terrenginngrep, utfylling og flytebryggeanlegg holdes til et minimum». Grunnlaget for å setje nausta til 30 kvm var omsynet til terrenginngrep og beslaglagt strandsone. Strandsonevernet har ikkje vorte mindre strengt etter 2011, snarare tvert om.

Fylkesmannen viser til Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsone langs sjø. Planområdet er definert som del av sone to i disse retningslinjene. Her står det mellom anna at ved utarbeiding av reguleringsplanar i delvis utbygde områder i strandsona, skal ferdselsomsyn og landskapstilpassing særleg vektleggast.

Fylkesmannen rår til at landskap, ferdsel og friluftsliv vert særleg vektlagt i vidare planarbeid. Vi rår også ifrå å gå vidare med større naust og veg til og parkering på kvar hyttetomt.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG